



**Det er ingen tvil om at Hobbyklubben i Bedehuset har vind i segla for tida. Frammøtet er godt og engasjementet stort på dei måndagane det er aktivitet.**

Ei gruppe som jobbar intenst for tida er avisgruppa som skal gjera sitt til at Uskedalsposten kjem ut i god tid før jul. Den ligg godt an og kan lova ei fyldig og allsidig avis, men innhaldet skal ikkje røpast her og no.

Over er trioen (frå venstre) Ingeborg Huse Bjørnebøle, Tina Bakke Eik og Sunniva Ersland Myklebust i arbeid.

Under viser 2 frå elektronikkgruppa stolt fram det bokstavleg tala hjartelege resultatet av kveldens arbeid. Dei er Karen Pedersen Brede og Hanne Hauge.

Det bør også nemnast at kjøkegruppa presenterte eit velsmakande resultat av sin jobb på slutten av denne kvelden.

Hobbyklubben er ein allsidig klubb.

Foto: Ola Matti Mathisen

